



Knarvik vidaregåande skule
Juvikstølen 9
5916 ISDALSTØ

Dato: 13.05.2016
Vår ref.: 2016/1922-12
Saksbehandlar: marvirk
Dykkar ref.:

Investeringsmidlar 2016 - Knarvik vidaregåande skule

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til minibussar, møblar, stolar, bord, møblar personalrom, truck, høvlebenkar og ladestasjon til elektrisk truck. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Knarvik vgs får innvilga **kr 150 000,- inkl moms** til ladestasjon til elektrisk truck og **kr 800 000,- inkl moms** til diverse utstyr.

Skulen prioriterer sjølv innkjøpet til diverse utstyr i samsvar med søknaden og gjer anskaffing i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar. Anskaffing av ladestasjon må gjerast i samarbeid med Eigedomsavdelinga v/Knut Jordal.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellingen.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggjast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017. Alle rekningar må derfor betalast i 2016.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Marit Virkesdal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Svein Magne Ellingsen
Cathrine Øvredal Mellingen